

Notat

Til: Fagopplæringsnemnda
Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Best mogleg yrkes- og karriererettleiing

I sist møte i fagopplæringsnemnda vart det reist spørsmål om korleis fagopplæringsnemnda kan bidra til best mogleg yrkes- og karriererettleiing. Notatet tek utgangspunkt i aktuelt kapittel i handlingsprogrammet, gir ein gjennomgang av arbeidet som blir gjort på området og peikar på nokre utfordringar til drøfting.

Handlingsprogrammet

I handlingsprogram for Fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane 2012-2015 er målsetjinga med yrkesretteiing at dei som søker vidaregåande opplæring skal ha best mogleg grunnlag for sine val.

Som delmål er sett opp:

- auka kunnskap og informasjon om fag- og yrkesopplæring
- betre status for yrkesfaga
- god kjennskap til vidare karriereveggar for fagarbeidarar
- godt klima for samarbeid mellom dei vidaregåande skulane og lokalt næringsliv

Som tiltak for fagopplæringsnemnda er sett opp:

- å vere pådrivarar til
 - at det blir utvikla gode modellar for utdanningsval og prosjekt til fordjuping
 - at alle utdanningsløp innanfor opplæring i bedrift blir gjort kjende for søkjarar, lærebedrifter, foreldre, rådgjevarar i grunnskule og vidaregåande opplæring
 - å aktivt stimulere til kompetanseheving hjå rådgjevarar, karriererettleiarar og kontaktlærarar, t.d. gjennom næringsreiser
 - at PPT har god kompetanse om opplæring i bedrift
- å delta på den årlege rådgjevarsamlinga
- å støtte opp om ungt entreprenørskap sine yrkesorienteringsprogram

Yrkes- og karriererettleiing

Yrkesretteiing er viktig for ungdom som skal bestemme seg for utdanningsveg, anten studieførebuande eller yrkesfagleg. God kunnskap om moglegheitene i yrkesfag er viktig i rettleiinga av ungdommen.

Viktige tilbod for å hjelpe ungdommen til å finne «rett» veg er t.d. utdanningsval i ungdomsskulen og prosjekt til fordjuping i vidaregåande skule.

Frå skuleåret 2008-2009 vart utdanningsval obligatorisk på ungdomstrinnet. Faget skal bidra til å knyte grunnskulen og den vidaregåande opplæringa betre saman, og opplæringa skal gi elevane erfaring med innhald og arbeidsmåtar i ulike utdanningsprogram i vidaregåande opplæring.

I yrkesfaglege utdanningsprogram på vidaregåande skule er det sett av timar til prosjekt til fordjuping. Læreplanen i prosjekt til fordjuping skal lagast lokalt i kvart utdanningsprogram på vg1 og programområde på vg2. Prosjekt til fordjuping skal:

- gi mogelegheit til å prøve ut eit aktuelt lærefag
- la elevane få erfaring med innhald, oppgåver og arbeidsmåtar som karakteriserer aktuelle yrke
- la elevane få fordjupe seg i kompetansemål frå læreplanar på vg3-nivå
- la elevane ta relevante fellesfag frå vg3 påbygging til generell studiekompetanse
- la elevane ta fellesfag i framandspråk og å ta programfag frå studieførebuande utdanningsprogram

Prosjekt til fordjuping kan føregå på eigen skule, på ein annan skule eller i bedrift.

Dei vidaregåande skulane samarbeider ofte godt med lokalt næringsliv. Men for betre å kunne systematisere og samordne dette, har fylkesdirektøren oppretta yrkesfaglege nettverk. Slike nettverk, med medlemmer frå skule og næringsliv, er svært viktige også i arbeidet med å utvikle gode modellar for prosjekt til fordjuping. Det er utfordrande å få etablert yrkesfaglege nettverk, kanskje særleg fordi næringslivet må prioritere strengt med omsyn til kva dei meiner dei kan bruke tid til.

Godt samarbeid mellom skule og næringsliv er viktig også for å sjå den yrkesfaglege opplæringa i samanheng, som eit fireårig løp. Som tiltak for å betre dette samarbeidet, og å skape inspirasjon og ein arena for erfaringsspreiing, arrangerte fylkesdirektøren i februar 2014 ein fylkesdekkande konferanse for dei yrkesfaglege nettverka.

Lærarar og rådgjevarar er sentrale personar til å gi ungdommen god og «rett» rettleiing i yrkesval. Det er difor viktig at desse gruppene har best mogeleg kunnskap på området. To aktuelle arenaer her er rådgjevarkonferansen og næringsreiser.

Fylkesdirektøren arrangerer rådgjevarkonferanse for ungdomsskular og vidaregåande skular kvar haust, og orientering om fagopplæring er fast tema her. For betre å sikre at alle utdanningsløp innanfor opplæring i bedrift blir gjort kjende, kan ein her gå nærmare inn i ulike utdanningsløp, og orientere meir om dei ulike mulegheitene (vise større del av «vifta»).

Dei ulike rettleiarane treng også god kjennskap til vidare karriereveggar for fagarbeidarar. Fagskulen i Sogn og Fjordane er difor viktig bidragsytar på rådgjevarkonferansen, der dei orienterer om fagskuletilbodet og mulegheit for høgare utdanning gjennom fagskuleutdanninga.

For å støtte opp om Ungt entreprenørskap sine yrkesorienteringsprogram var UE bidragsytarar på rådgjevarkonferansen i 2013. Dette var første gong dei var med, men fylkesdirektøren meiner deira deltaking bør bli årleg.

Deltaking på rådgjevarkonferansen kan vere ei prioritert oppgåve for fagopplæringsnemnda.

For å bygge kompetanse om kva næringar og yrke som er i fylket, arrangerer Karriere Sogn og Fjordane kvart år næringsreiser for m.a. rådgjevarar, lærarar og PPT. Innhaldet i næringsreisene omhandlar ulike utdanningsprogram og programområde frå år til år. Valet av utdanningsprogram kjem etter innspel frå mellom anna opplæringskontor eller rådgjevarar ved skulane. Fylkesdirektøren meiner at også fagopplæringsnemnda kan melde inn ynskje, behov og prioriteringar.

Ei målsetjing i handlingsprogrammet til fagopplæringsnemnda er å skape god kunnskap om vidare karriereveggar for fagarbeidarar. Fagskulen i Sogn og Fjordane er difor viktig bidragsytar også på fylkesdirektøren sine regionale lærlingsamlingar. Her presenterer dei kva mulegheit for høgare utdanning som finst, med fagbrev og fagskule som utgangspunkt. Lærlingsamlingar er dessutan viktige rekrutteringsarenaer til fagskuleutdanning og høgare utdanning i yrkesfaga.

Korleis kan fagopplæringsnemnda bidra til å styrke yrkes- og karrierettleiinga?

Korleis kan nemnda bidra inn mot dei etablerte strukturane:

- utdanningsval
- prosjekt til fordjuping
- rådgjevarkonferansen
- næringsreiser
- lærlingsamlingar

Korleis kan nemnda bidra til å heve statusen til yrkesfaga?